




Årsmelding 2017

Voss DPS NKS Bjørkeli

Voss DPS NKS Bjørkeli

Voss DPS NKS Bjørkeli (Voss DPS) gjev tilbod om utredning og behandling av personar over 18 år med psykiske lidningar. Opptaksområdet vårt er kommunane Voss, Vaksdal, Kvam, Ulvik, Granvin og Eidfjord. Til saman utgjer dette ca. 24.000 vaksne, fordelt på eit geografisk areal på 5,500 km².

Organisasjonskartet såg slik ut, etter endringa, hausten 2017:



Styret i Voss DPS er leia av styreleiar Ragnhild Skjerveggen. Direktør ved senteret er Frédéric Larsen. Voss DPS har driftsavtale med Helse Vest RHF. Voss DPS er eigd av NKS Hordaland.

Aktivitet

	Henvisningar	Konsultasjonar/ Innleggingar	Snitt liggetid (dagar)
Poliklinikk	–	4673	–
PRT	–	2370	–
Døgn (tal senger)	–	150	24
Gruppepoliklinikk		(frå 06.11.17) 161	–
Sum	615	7204	–

Brukarstyrt plass

Voss DPS NKS Bjørkeli har tilbod om brukarstyrt plass der pasientane sjølve kan ta kontakt for ei kortvarig innlegging utan tilvising frå lege. I 2017 var det 16 pasientar som hadde avtale om brukarstyrt plass. 3 pasientar nytta seg av tilbodet.

Brukarutval

Voss DPS har brukarutval der 2 brukarar er faste medlemmer. I tillegg vert pasientar på døgnavdelinga inviterte på møta. 2 tilsette er medlemmer. Utvalet tek opp saker som gjeld tilbodet ved Voss DPS og kjem med forslag til endringar og forbetringar. Utvalet fungerer som eit rådgjevande organ for Voss DPS. Brukarutvalet hadde 4 møter i 2017.

Kvalitet

Voss DPS har fokus på kvalitet i tenestene og skal levera på gjeldande kvalitetsindikatorar. Det vert arbeidd kontinuerleg

med kvalitetsforbetring, og me har gode system som tek hand om rapportering og oppfølging av avvik. Voss DPS har Kvalitets og pasientsikkerheitsutval (KPU) som ledd i kvalitetskontrollen.

Det skal arbeidast vidare med å implementera bruk av verknadsfulle (effektive) måle-instrument som skal gje informasjon om pasienten si oppleving av betring, kvalitet og effekt av behandling.

Det vart i 2017 registrert til saman 131 avvik ved Voss DPS.

Helse- miljø og sikkerheit

Vernetenesta ved Voss DPS NKS Bjørkeli har 3 verneombod. Terje Gjernes er hovudverneombod. AMU hadde 4 møter i 2017. Bedriftshelse1 deltek på møta i AMU.

Studentar i praksis

I 2017 har me hatt 8 medisinstudentar, 5 sjukepleiarstudentar, 2 sjukepleiarstudentar i fordjupning, 1 vernepleiarstudent, 1 vernepleiar i vidareutdanning psykisk helse og rus, 1 sosionomstudent og 1 sjukepleiar i språkpraksis.

«Nye Voss DPS»

Hovudfokus for Voss DPS i 2017 har vore å vidareføra prosjekt «Nye Voss DPS» (2015-2018).

Som ledd i prosjektet er det gjort ei verksemdsoverdraging av to poliklinikkar frå Helse Bergen (01.01.16). Det er vidare gjennomført ei omorganisering av drifta og det er gjort mykje ombygging av eksisterande bygningsmasse. I tillegg er det etablert nybygg på området.

Dei to døgnavdelingane vart i april 2017 slått saman til ein avdeling. Sengetalet vart mellombels redusert frå 16 til 10 plassar i samband med ombygging av ny døgnavdeling. Frå oktober 2017 har døgnavdelinga vore i drift med 12 senger i 3. etasje i hovudbygg.

Frå 01.09.2017 vart det etablert ny gruppepoliklinikk som tilbyr gruppebehandling samt dagbehandling 2 dagar for veka. Gruppepoliklinikken har mellombels helde til i aktivitetshuset, og flyttar inn i nye lokale i 2.etasje i hovudbygg vinteren 2018.

Nybygg med gymsal vil stå klart hausten 2018. Psykiatrisk rehabiliteringsteam (PRT) og Vaksenpsykiatrisk poliklinikk (VOP) vil då etablera seg i bygget.

Direktør har regelmessige allmøte for dei tilsette der det vert informert om status i prosjektet. I 2017 var det 7 allmøter.

Tilsettingar

I 2017 tilsette me 4 psykologar. På døgnavdelinga: *Martine Ravin Sørstrand* og *Kirsten Møen Thorseth*. På VOP: *Astrid Aunan*. I gruppepoliklinikk: *Kari Elisabeth Ellingsen*. *Amina Abudukeyimu* vart tilsett i 3-måneders legevikiariat på døgnavdelinga. *Petter Røhmesmo* vart tilsett som LIS ved døgnavdelinga. *Solveig Andersen Styve* vart tilsett som vikarlege ved døgnavdelinga. *Tor Øyel Bidne Kvitne* er tilsett som musikkterapeutstudent. Han er under utdanning og har ei deltidsstilling fram til han er ferdig utdanna sommer 2018.

Andrea Kovacsova var innleigd psykiater ved døgnavdelinga, hausten 2017. Hilde Kyte tilsett som sekretær. Claus-Rene Bech tilsett som vaktmestervikar. Kvalitetsrådgjevar Gerd Sandstå og fagleg leiar Grete Fjærestad gjekk av med pensjon våren 2017. Sissel Nedkvitne er tilsett som rådgjevar frå hausten 2017.

Gruppepoliklinikk

Avdelingsleiar: Linda S. Skaar

Gruppepoliklinikken har ei tverrfagleg samansetning av lege, psykolog, ergoterapeut, psykomotorisk fysioterapeut, sosionom, sjukepleiar og vernepleiar, alle med ulike vidareutdanningar. Nokon ressurspersonar jobbar på tvers av dei ulike avdelingane. Til saman utgjer dette ca 5 årsverk.

Ved oppstart hausten 2017 vart det gjennomført dagbehandling 2 gonger pr. veke. Dagbehandlinga er sett saman av temagruppe, kroppsbevegelsesgruppe, open lyttegruppe/musikkterapi, samt kreative aktivitetar på aktivitetshuset. Det er gjennomført to stressmestringskurs på 8 veker og ei angst og depresjonsgruppe på 12 veker. Det har vore gode tilbakemeldingar frå pasientane som har delteke. Det vert elles gjeve tilbod om barnesamtaler, par-/og familiesamtaler og nettverksmøter.

Ein del jobb har vore knytt til utvikling av nye gruppeoppbygg, samt til å marknadsføra tilbodet til samarbeidspartar i og utanfor Voss DPS.

Det var ca 50 pasientar tilknytt gruppepoliklinikken i løpet av hausten.

Vaksenpsykiatrisk poliklinikk (VOP) & Psykiatrisk rehabiliteringsteam (PRT)

Avdelingsleiar: Thomas Esposito

VOP er ein almennpsykiatrisk poliklinikk, tverrfagleg samansett av psykiatarar, lege i spesialisering, psykologspesialist, psykologar, sosionom og psykiatrisk sjukepleiar. Poliklinikken har høg aktivitet med mange tilvisingar og konsultasjonar.

PRT er tverrfagleg samansett av psykiater, psykolog, vernepleiarar, ergoterapeut, sosionom – alle med vidareutdanning. I tillegg er musikkterapeut og fysioterapeut tilknytt tilbudet. PRT har pasientar med psykoseliding som hovudmålgruppe. PRT har jobba med implementering av prosjektet «Medikamentfri behandling for psykosepasienter» som blant anna inneber kompetanseheving for dei tilsette og auka breidde i tilbodet til pasientane.

Døgnavdeling

Våren 2017 vart døgnavdelingane slått saman. Avdeling 2 og avdeling 3 vart til Voss DPS døgnavdeling.

Vår, sommar og haust var ei krevjande tid, med ombygging og full pasientdrift samstundes. I oktober flytta døgn inn i nyoppussa avdeling. 12 pasientrom, nytt vaktrom og nye kontor. Det er blitt ei lys og triveleg avdeling.

Døgnavdelinga er ei allmennpsykiatrisk avdeling. Behandlingstilbod er kartlegging /diagnostisering, medisinvurdering,

korte stabiliseringsopphald, miljøterapi og individuell terapi. Behandlinga er individuelt tilpassa. Det vert jobba med å laga målretta og gode behandlingsplanar i tett samarbeid med pasienten.

Døgnavdelinga har fokus på god og sunn ernæring og fysisk aktivitet. Undervisning til pasientar og gruppetilbod i form av kognitiv gruppe, meistringsgruppe og musikkterapi er ein del av tilbodet. Det same er pårørandemøter og barnesamtaler.

Diverse

- Eige vaktordning for legar kom i gang i februar 2017. Dette for å sikra forsvarleg drift av døgnavdelinga. Vaktordninga er evaluert og skal vidareførast. Den er og utvida til å gjelda deler av endringane knytt til akuttførsløpet der DPS utvidar tidsperiode for tilgjengelegheit på kvardagar.
- Voss DPS deltek i prosjektet «Medikamentfri behandling for psykosepasientar» saman med alle DPS i Helse Bergen sitt opptaksområde. Det har vore seminar for tilsette som skal kjenna til og driva dette tilbodet (i hovudsak PRT) og vidare planlegging av tiltak som skal inngå i behandlingssløpet.
- Det er tilsett musikkterapeut som skal vera ein del av tilbodet ved Voss DPS.
- På bakgrunn av tidlegare verksemdsoverdraging og omorganisering har me hatt ein prosess knytt til ny organisering av pasientjournalssystemet DIPS.
- I 2017 har Voss DPS vore med på å innføra ei medarbeidarundersøking som varetek måling av arbeidsmiljø og pasientsikkerheitskultur. Undersøkinga er kalla ForBedring og skal gjennomførast elektronisk i februar 2018. Alle tilsette er inviterte til å delta og planen er at dette skal verta ei årleg nasjonal medarbeidarundersøking.
- **Utekontor og ambulante tenester:**
Voss DPS NKS Bjørkeli har utekontor i Toloheimen. Den er bemanna med psykolog og psykologspesialist ein dag for veka (til saman 40% stilling). Utekontoret leverer polikliniske tenester til Kvam herad. Psykiatrisk rehabiliteringsteam utførte polikliniske tenester ambulant i 22% av alle konsultasjonar i 2017.

Styret ved Voss DPS NKS Bjørkeli AS, etter generalforsamling, 22.06.2017

Ragnhild Skjerveggen (styreleiar)

Solveig Nilsen (nestleiar/styremedlem)

Björg Wiers (styremedlem)

Marianne Bergtun (styremedlem)

Haldis Anita Rein (tilsettrepr./styremedlem)

Anders Ø Christensen (tilsettrepr./styremedlem)

Frøydis Hole (brukarrepr./observatør)

Det vart helde 4 styremøter i 2017.

Voss DPS NKS Bjørkeli, 18. juni 2018

Frédéric Larsen

Direktør

Resultatrekneskap

	2017	2016
Driftstilskot Helse Vest	60 605 002	59 022 000
Andre inntekter/refusjonar	2 026 018	2 810 674
Sum driftsinntekter	62 631 020	61 832 674
Pasientkostnader	1 448 277	1 058 211
Lønskostnader m.m	51 563 727	47 890 812
Avskrivning på driftsmidlar	1 175 000	1 175 000
Andre driftskostnader	7 418 314	6 154 472
Sum driftskostnader	61 605 318	56 278 495
Driftsresultat	1 025 702	5 554 179
Resultat finanspostar	72 924	149 103
Årsresultat	1 098 626	5 703 282



Voss DPS
NKS Bjørkeli

Voss DPS NKS Hordaland,
Bjørkelivegen 27, 5705 Voss
tlf. 56 52 39 40 / fax. 56 52 39 41
post@bjorkeli.no / www.bjorkeli.no
org.nr. 916 270 097